



19.04.2017

Arkivsak: 17/1368  
Løpenr.: 17/5752  
Sakshandsamar:  
Inger Moe

### **Uttale til byggesøknad for naust på eigedom gbnr. 137/40 ved Hafsløvatnet Gjeld naturmangfald og skadepotensiale for verneverdiane i fuglefredingsområdet**

Slik det ser ut av teikningane er heile bygget plassert utanfor vernegrensa som fylgjer høgste regulerte vasstand HRV, og skal difor ikkje handsamast etter verneforskrifta. Det går ikkje fram av søknaden om det er planlagt noko form for båtopptrekk eller andre innretningar som når under HRV. Slike installasjonar vil normalt falla inn under forbodsparagrafen i verneforskrifta. Søkjar er gjort merksam på kravet om dispensasjons-handsaming i brev datert 01.09.2015 (arkivsak 15/2207).

Det at vernegrensa er trekt heilt nede i vasskanten har den svært viktige konsekvensen at samtlege reirplassar, samt dei fleste gøymestader, mange næringslokalitetar og andre funksjonsområde for fuglane ikkje er beskytta av vernereglane (på sørsida går vernegrensa 10 m inn på land), fylgjeleg er det heilt avgjerande at ein klarer å famna om verneomsyna i sakshandsaminga også etter andre lovverk. Naturmangfaldlova sin § 49 vert såleis særleg aktuell i denne saka: *Kan virksomhet som trenger tillatelse etter annen lov, innvirke på verneverdiene i et verneområde, skal hensynet til disse verneverdiene tillegges vekt ved avgjørelsen av om tillatelse bør gis, og ved fastsetting av vilkår.(...)*

Reint generelt er underteikna av den oppfatninga at utbygging i strandkanten langs Hafsløvatnet bør haldast på eit minimum av omsyn til verneverdiane. Mindre tiltak treng ikkje i seg sjølve å vera særleg problematiske, men presedensskapande vedtak kan medføra ei samla sett uforsvarleg belastning på økosystemet, jf nml § 10.

Meir konkret for denne saka, er det ikkje tvil om at eit naust her vil påverka verneverdiane negativt; på kort sikt med støy og trafikk i byggeperioden, og i ettertid med auka menneskeleg aktivitet og mogleg øydelagde reir- eller næringslokalitetar for fugl. På synfaring den 24.08.2015 vart løken like ved naustplassen vurdert å vera ein sannsynleg viktig næringsbiotop med stor produksjon av insekt, smådyr og vekster som er eigna næringsemne for dei ulike fugleartane. Naustet, eller i allfall menneskeleg aktivitet nær det, vil kunna hindra fugl i å flyga inn her. Me har ikkje detaljert kunnskap om fuglane sin bruk av denne lokaliteten konkret, men dei månadlege fugleobservasjonane som kommunen tingar hjå Statens Naturoppsyn stadfestar at området Moane-Kvam er eit av dei områda som har størs tettleik av ender gjennom sommaren (nml § 8).

Dersom ein likevel vurderer å godkjenna dette tiltaket bør ein sjå på om naustet kan setjast opp i noko større avstand frå løken. Det bør i tillegg setjast vilkår om at oppføringa vert gjort utanom den mest kritiske tida, som er i tidsrommet 15. mai til utgangen av august.

Med helsing

Inger Moe  
naturforvaltar  
tlf.:57 68 55 84

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje underskrift*

Vedlegg: Bilete frå synfaring august 2015.

Mottakar:  
Plan, Haakon Stauri Begby